

Referat, foreldremøte 1. og 2. kl. 5. april-18

8 heimar møtte.

*Klassemiljøet

Ein kjekk klasse, og god framgang sosialt. Dei er flinke til å arbeida, men mange har veldig lett for å spora av. Samstundes er dei lette å engasjera. Elevane har omsut for kvarandre, samstundes som dei kan kran gla innimellom. Dei veit korleis dei skal oppføra seg med kvarandre, men gløymer seg av og til. Me arbeider framleis med Zippy.

*Orientering om siste del av skuleåret

Kartleggjingsprøvar og «soling» vert gjennomført v. 15.

Me øver på å verta betre på det som viser seg å vera vanskeleg utifrå resultatet frå kartleggjingsprøvene resten av året

Veldig viktig at foreldra øver godt på lesinga med eleven, slik at elevane kan løfta seg ekstra mot ferien. Øv gjerne i ferien og, slik at det som er opparbeidd ikkje fell for mykje tilbake. Snakk med barnet om interessante emne for m.a. å øva ordforråd. Øv og på kvardagsmatematikk, heima, på butikken m.m.

Bruk bassenget med barnet, elevane er inspirerte og jo meir trening, di lettare vert det å nå læreplanen sine symjemål. Sjå elles symjeplan på foreldresida på It`s learning.

Lesing er eit litt svakt område i Radøy-skulane. Me scorar under snittet samanlikna med landsgjennomsnittet. På matematikk og engelskprøvene ligg me på landssnittet.

a)Korleis kan skulen og heimane få elevane til å verta betre lesarar?

Her er gode tiltak foreldra kom med:

*Heimen kan lesa for barnet.

*Både heimen og skulen øver.

*Lesabøker som fengjer barnet.

*Nytta lydbøker.

*Skulen tilrettelegg for lesing.

*Halda lesinga ved like i lange feriar.

*Sjekka opp i kva «suksess-skulane» gjer m.o.t. leseopplæring.

*Skulen kan arrangera egne «lese-dagar».

*Prøva å ha nyare og oppdaterte bøker om emne som interesserar elevane.

*Lesekonkurransar som triggjar glede og motivasjon.

*Lesing må vera gøy, ein må oppmuntra barnet, ikkje tvinga det til lesing.

Opplæringslova seier at alle skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

a) Kva legg ein i begrepet krenkingar, og kor går grensene?

Foreldra sine innspel:

*Begrepet «krenking» kan vera negativt ladd. Uønska handling kan vera betre å bruka.

Den som opplever kjensla av å verta krenka, eller er utsett for ei uønska handling må seia frå.

b) Kva betyr nulltoleranse for krenkingar i skulekvardagen?

Foreldra sine innspel:

Viktig med balanse mellom nulltoleranse og sunn fornuft. Viktig å gje beskjed heim ein gong for mykje enn for lite.

c) Kva betydning bør nulltoleranse for krenkande handlingar ha for krenkingar som skjer heime/på fritida- og for samarbeidet skule-heim?

Foreldra sine innspel:

Foreldra må støtta opp og setja klare grenser for borna.

Info til heimane:

*Veldig viktig å gje beskjed til skulen om det skulle vera noko som ikkje er greitt for eleven på skulen. Skulen prøver heile tida å sjå at alle elevane har det bra, men det kan sjølvstundt vera ting me ikkje greier å oppdaga. Om me får beskjed, sjekkar me alltid opp i det saka gjeld.

*Ring skulen om barnet ditt er vekke frå skulen.

*Kontaktlærar har lov til å gje 2 dagar fri, ved fråver utover det må det søkjast til rektor.

Val av klassekontaktar for komande 3. og 4. klasse

Klassekontakt: Ingunn Straume

Vara: Jannicke S. Nordanger.

Ref: Liv O. Vetås